



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 7.800. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimeisig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## PP-rådgjevar - 100% fast stilling

### Stillingsinformasjon

Meland kommune har ledig stilling som PP-rådgjevar i 100% fast stilling.

Stillinga er knytt til PPT-kontoret i Meland kommune i rådhuset på Frekhaug. Kontoret leverar PP- tenester til grunnskular og barnehagar i Meland kommune. Det blir 3,4 faste stillingsheimlar ved kontoret. Per i dag er det spesialpedagog, psykologspesialist og spesialpedagog/logoped tilsett ved kontoret.

### Arbeidsoppgåver

- System- og individretta arbeid i skule og barnehage
- Testing/utgreiing/kartlegging av barn og unge
- Rådgjeving til elev, foreldre og pedagogisk personale
- Sakkunnige vurderingar

### Kvalifikasjonskrav

- Utdanning på mastergradsnivå, t.d. innan fagområda cand.ed, cand.paed.spec, cand.paed.
- Relevant erfaring frå offentleg/ privat verksemd, t.d. PPT, skule eller barnehage.
- Det er ønskeleg med erfaring/ kompetanse i rettleiing, utviklings- og systemretta arbeid. PPT ynskjer samla å ha kjennskap og kompetanse til å dekke heile oppvekst- og utdanningsløpet frå barnehage til og med grunnskule.
- Personlege eigenskapar vert vektlagde. PPT er i utvikling og endring, og vi søker deg som er fleksibel i forhold til endring av tenesta, og som kan ta på deg oppgåver etter behov.

### Vi tilbyr

- Løn etter gjeldande tariffavtale.
- God pensjonsordning.
- Interessante og varierte arbeidsoppgåver.
- Eit godt arbeidsmiljø.

### Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Den som vert tilsett må kunne nytte eigen bil i arbeidet.

### Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 09.02.2017

Utlyst dato 24.01.2017

Vårref

642/17

### Kontaktperson

Kenneth Wie, Fagansvarleg psykolog, tlf: 56171072, kenneth.wie@meland.kommune.no